



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato
08.09.2015
Dykkar dato
10.08.2015

Vår referanse
2015/8725 611
Dykkar referanse

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Tildelingsbrev - Radøy - tilskot til symjeopplæring for barn i barnehage

På bakgrunn av søknad om tilskot til symjeopplæring for barn i barnehage tildeler Fylkesmannen kr **31 500** til Radøy kommune, kontonummer 3636.07.00776.

Prestmarka barnehage har søkt om og får midlar til symjeopplæring for 21 barn. Heile tilskotet skal brukast til aktivitetar relatert til symjeopplæring av barna. Kommunane og eventuelle frivillige organisasjonar ein samarbeider med må sjølv dekke andre kostnader.

Bakgrunn for tildelinga

Fylkesmannen tildeler i alt kr 1 759 500 til symjeopplæring for 1173 barnehagebarn i alderen 4-6 år i Hordaland. Tilskotsordninga har vore lyst ut på Fylkesmannen si nettside, i brev til kommunane og til Hordaland symjekrets. Vi har motteke elleve søknader for i alt 1309 barn. Dette er 136 fleire barn enn det som er dekkja av ordninga.

I vår vurdering av søknadene er det teke omsyn til

- planane for symjeopplæringa
- storleiken på kommunen
- samanheng mellom talet på barn det er søkt midlar til og talet barn i aldersgruppa i kommunen

Rapportering

Kommunen skal rapportere til fylkesmannen på kor mange barn som har gjennomført symjeopplæring. Det skal også rapporterast på kor mange timar symjeopplæring som er gitt. Frist for rapportering er **14. januar 2016**.

Fylkesmannen kan føre kontroll

Vi gjer merksam på at Statens bevillingsreglement § 10 gjev Fylkesmannen i Hordaland rett til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene. Heile tilskotet eller delar av dette kan krevjast attende dersom pengane ikkje vert nytta i samsvar med gjeldande skriv. Riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene.

Med helsing

Marianne Svege
seniorrådgjevar

Ingunn Landro Sandset
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.